

Klima- og miljødepartementet

Kommunal - og moderniseringsdepartementet

Skal vern ha "smitteeffekt" til kringliggjande areal?

Spørsmålet gjeld i ein vid samanheng, men har konkret vore framme i samband med søknader om småkraftverk i nærleiken til Hardangervidda Nasjonalpark. Me meiner at svaret bør vera eit klart nei.

I samband med søknad om utbygging av Bjotveitelvi i Ullensvang skriv FMHo 25.5. 2009:

*Sjølv om bygginga av kraftverket ikkje direkte vil påverke område verna etter Naturvernloven, vurderte Fylkesmannen det slik at redusert vassføring, vegbygging og andre tekniske inngrep vil føre til uakseptable inngrep i **randsona til Nasjonalparken** (vår utheving).*

Same instans skriv 14.03.2012 om utbygging i Valldalen, Odda kommune:

*Konsesjonssøknader for utbygging av Mjølåna og Tufteelva ble avslått ut fra en vurdering av samlede inngrep i Røldalsområdet, heri konflikter med landskap, friluftsliv, inngrepsfri natur, biologisk mangfold og **nærheten til Hardangervidda nasjonalpark** (vår utheving).*

Meir generelt er det som er sagt i Forvaltingsplanen for Hardangervidda, godkjend av DN i januar 2011.

Det er viktig å sjå forvalting av randområda i samanheng med verneområda.

For alle tiltak i randområda må det vurderast konsekvensar i høve til formålet med verneområda.

Ei sak som ligg noko attende i tid, og seinare har løyst seg, er spørsmålet om mobiltelefonmast på Argehovda, eit fjell i nordenden av Møsvatn, Vinje kommune. FMTe gjekk i si tid mot tiltaket av di ein kom til å sjå masta frå nasjonalparken!

Fleire døme kunne dragast fram, men me meiner det med dette er dokumentert at innan det ein kan kalle "miljøadministrasjonen", rår ei ambisiøs haldning i høve til konsekvensane av områdevern, beint fram at ein svarar ja på spørsmålet i overskrifta. Så kan ein sjå kva kva aktuelt lovverk, Naturmangfaldlova § 49, seier:

Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår.

Korleis skal ein så tolke "innvirke"? Er rein visualitet nok, slik FMTe i si tid meinte?

Spørsmålet var framme i eit møte i KLD 20. februar. Avdelingsdirektør Torbjørn Lange sa då at det måtte vera tale om ein konkret og negativ verknad på verneverdiane inne i verneområdet - som t.d . utslepp frå ei ureinande industriverksemd.

Spørsmålet vil jamleg vera aktuelt i samband med byggjetiltak. At ein då i medhald av regionplan kan ha ein strengare praksis enn elles etter PBL er greitt nok, men ikkje berre av di tiltaket ligg nær eit verneområde.

Dette er eit saksfelt som ligg hjå båe adressatar, all den tid Planavdelinga er flytta. Me bed om at ein saman lagar ei klargjering.

Rauland/ Røddberg/Ullensvang/Eidsberg, 26. mars 2014

Johan Vaa(sign.)
(sign.)

Eli Hovd Prestegaarden (sign.)

Solfrid Borge

leiar Hardangervidda
Ullensvang
Grunneigarsamskipnad

Ordførar Nore og Uvdal

Ordførar

Ordførarutvalet H.vidda

Knut Herland (asign.)
kommunestyremedlem Eidsberg
leiar USS